

# Korleis har havet det?

I tre veker har 24 forskarar segla rundt i Arktis for å finne ut korleis havet har det no.

TEKST: TRINE-LISE GJESDAL



Det er forskarar frå Havforskningsinstituttet som har vore på tokt i Polhavet i skuta «Helmer Hanssen». Polhavet er det kalde havet som ligg rundt Nordpolen. Endringar i klimaet har gjort at isen har trekt seg tilbake. Spørsmålet forskarane stiller seg, er kva som eigentleg skjer med havet når isen forsvinn.

## Dyrelivet forandrar seg

Forskaren som har leidt toktet, heiter Randi Ingvaldsen. Ho fortel at fleire dyr i Arktis treng isen for å overleve. Viss vatnet blir for varmt, har artane som lever der, ingen andre stader dei kan dra. Det gjeld nokre fiskar, som polartorsk, nokre selar og nokre botndyr.

Enkelte typar dyreplankton (bitte små dyr) lever òg berre her. Mange fiskar og kvarlar lever av dyreplankton.

– Så når isen forsvinn, kjem òg noko av dyreplanktonet til å forsvinne. Då vil det kome andre typar dyreplankton. Det kan hende at desse ikkje er så sunne for dyrar som lever i Polhavet. Vi må finne ut kva som då skjer med dyra, seier Randi.

## Oppdagar nye ting

Forskaran på skuta til Randi tek mange forskjellige prøvar når dei er



på tokt. Dei tel sel, kval og fugl. Dei mäter temperaturen i havet, og dei sjekkar kor salt vatnet er. Dei tek også

prøvar av organismar som lever i havdjupet og på havbotnen.


– Vi bruker trålarar for å hente opp fisk, sjøstjerner, krabber, manetar og andre dyr. Så studerer vi dei om bord på skipet. Når vi er ferdige med å sjå på dei, løper vi dei ut i sjøen igjen. Det er like spennande kvar gong, for vi oppdagar alltid noko nytt, fortel Randi.



Her har forskarane henta opp ei hakjerring frå polhavet.  
Foto: JULIUS NIELSEN



Polhavet er det kalde havet som ligg rundt Nordpolen.



## På tokt om hausten

Randi fortel at dei alltid dreg på tokt tidleg på hausten, for då er det minst is. Då er det mykje lettare å segle lengst mogleg nord i Polhavet. I år reiste Randi saman med 23 andre forskarar og eit mannskap på 11 personar. Det dei lærer om fisken og havet, deler dei med mange andre forskarar når dei kjem på land.



– Det har vore morosamt, men også litt skummelt, spesielt når det har vore store bølgjer på havet. Nokre av forskarane har til og med blitt sjøsjuke – så det har ikkje vore like gøy for alle, avsluttar forskaren.





# Oppgåver til – «Korleis har havet det?»



1. Kva heiter skipet som forskarane har brukta på tokta?
2. Kor lenge har dei vore på tur?
3. Kor har forskarane vore for å gjere undersøkingane sine?
4. Kva har forskarane forska på?
5. Kva slags prøvar og undersøkingar har forskarane gjort?
6. Kva artar er nemnde eller ser du biletet av i artikkelen?

Sortér artane i tabellen etter kor dei lever.

Desse artane lever i havet	Desse artane lever både i havet og på isen	Desse artane lever på isen eller i lufta



# Oppgåver til – «Korleis har havet det!»

Tenk deg at du jobbar i ei avis og skal intervjue ein forskingsleiari. Still ulike spørsmål slik at forskingsleiaren fortel kvar dei skal dra, kva dei skal forske på, kva dei håper å finne ut, kva slags utstyr dei har med seg og kor lenge dei trur dei kjem til å bli borte.



**EG  
LURER PÅ**

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---